

## Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Roald Kvingedal	FA - U43	15/421

<b>Saknr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
062/2016	Formannskapet	PS	14.06.2016

### Klage på vedtak i Formannskap sak 012/2016 - dispensasjon til utviding AK 11 Duesund

#### Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
image2016-04-04-223151	05.04.2016
Klage på utviding av Engesund sitt anlegg.	05.04.2016
Merknad til utviding av oppdrettslokalitet ved Duesund	05.04.2016
Duesund - gjeld dispensasjonssak frå gjeldande kommuneplan i sjø	05.04.2016
Klage - Masfjord	05.04.2016

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune tek ikkje motteke klagar på FS vedtak 12/2016 til fylgje , og opprettheldt difor vedtaket sak 12/2016:

Saka vert i medhald av plan – og bygningslova § 1-9, sent over til Fylkesmannen i Hordaland til endeleg klageinstans.

#### Grunngjeving:

Masfjorden kommune har mottatt klage på formannskapsvedtak nr 012/2016, kommunen ser ikkje att det er kome nye moment i sak og opprettheld Formannskapsvedtak 012/2016.

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Saka gjeld klager på Formannskaps vedtak sak nr 012/2016, søknad om dispensasjon – utviding av AK 11 Duesund.

Formannskapsvedtak 12/2016:

*Masfjorden kommune tek klagen frå Engesund Fiskeoppdrett til følgje, og gjev i medhald av plan- og bygningslova sin § 19-2 dispensasjon for å utvida AK11 ca. 170 meter i sørvestleg retning som*

omsøkt.

## Uttale

Følgjande klagar er motteke på FS vedtaket i 012/2016, desse vert vist referert, sjå ellers vedlegg.

### 1. Innbyggjarar i Duesund:

Som innbyggere i Masfjorden er me skuffa over at formannskapet velger å gå utanom vedteken arealplan som seier at området er særskilt friluftsområde. Me er og skuffa at disposisjon blir gitt i dette tilfelle i strid med tilråding frå Fylkesmannen. Då spesielt når kommunen har klassifisering i sine kartblad av strandlinja i Grunnevik og ut i sjø inkludert holmen er H530 «Soner med særskilt angitt omsyn. Omsyn friluftsliv».

Me vil sterkt oppmode Masfjorden formannskap om å ikkje oppretthalde gitt disposisjon.

### 2. Ester & Rune Bø og Edit Skår & Arne Molland:

Vi vill med dette klage på formannskaps vedtak fra februar om å tillate Engesund fiskeoppdrett å utvide sin lokalitet i Duesund. Vi har pr dd som nærmeste naboer store nokk problemer med støy fra anlegget til alle døgnets tider både hverdag og helg og tidvis luktproblemer . Skal det bli en utvidelse her så ser vi for oss at disse problemene kan bli enda være. Som innbyggere i Masfjorden håper vi vil bli hørt.

### 3. Fylkesmannen i Hordaland:

Fylkesmannen i Hordaland klagar med dette på Masfjorden kommune sitt vedtak av 10.02.2016, saknr. 012/2016, dispensasjon for utviding av AK11 ca. 170 meter i sørvest-leg retning som omsøkt.

#### Konklusjon

Fylkesmannen meiner at konsekvensvurderinga ikkje i tilstrekkeleg grad vurderer alle rele-vante verknader ei utviding av akvakulturområde kan få på miljø og samfunn jf. pbl. § 1-1. I tillegg meiner vi at eit så omfattande tiltak bør regulert jf. pbl. § 12-1 tredje ledd. Fylkesmannen si vurdering er at omsyna bak arealdelen av kommuneplanen og § 1-1 i plan- og bygningslova blir vesentleg tilsidesette ved utviding av akvakulturanlegget, jf. pbl. § 19-2 andre ledd første setning.

### 4. Ivar Haukeland:

Det vedtaket som Masfjorden formannskap har gjort, er meir til skade enn nytte for Masfjorden. Det rammar lokalbefolkninga, barnehagen, skuleen og dei som reiser langt for å få ein fin sommardag i Grunnevik. Det vil og kuleg ramma Engesund fiskeoppdrett AS med minskane velvilje for eksisterande anlegg.

#### Fakta

Engesund Fiskeoppdrett AS ynskjer å utvida arealet på anlegget sitt ved Duesund. Føretaket fekk i

juni 2014 tilsegn på ein av dei mørkegrøne konsesjonane i gruppe C. Denne konsesjonen vil verte søkt samlokalisert og utvida på lokaliteten ved Duesund. I denne omgang gjeld søknaden om å utvida AK 11 med ca 170 m i sørvestleg retning. Søknaden gjeld utviding av arealet til same mengde biomasse. Lokalitet 11644 Duesund er i dag godkjent for ein produksjon på 780 tonn maksimalt tillat biomasse.

Søknaden om dispensasjon var behandla i Formannskapet den 02.09.2015 i sak 094/2015.

FS - vedtak: Framlegg til vedtak:

*I medhald av pbl §19-2 vert søknaden om å dispensera frå arealdelen til kommuneplanen om å utvida AK 11 med ca 170 m i sørvestleg retning, ikkje godkjend.*

Masfjorden kommune har den 06.11.2015 mottatt klage frå Engesund Fiskeoppdrett AS, på formannskapsvedtak nr 094/2015.

Klage på saka var oppe til behandling i formannskapet den 16.02.2016, sak 012/2016.

*Masfjorden kommune tek klagen frå Engesund Fiskeoppdrett til følgje, og gjev i medhald av plan- og bygningslova sin § 19-2 dispensasjon for å utvida AK11 ca. 170 meter i sørvestleg retning som omsøkt.*

*Grunngjeving:*

*Grunngjevinga for å gje dispensasjon i medhald av § 19-2 er at fordelane etter ei samla vurdering er klart større enn ulempene. Det er fordi ei utviding som omsøkt ikkje vil medføre uheldige konsekvensar for natur, fiske, ferdsel eller frilutslivet i området. For å underbyggja dette vil ein vise til følgjande fakta:*

- Brev frå Fiskeridirektoratet som skriv at ei utviding av anlegget lenger ut frå land ikkje vil få vesentlege konsekvensar for utøving av fiske, og at det ikkje er registrert særskilt fiskeområde her.*
- Rapporten frå Rådgivande Biologer som skriv at ei utviding ikkje vil medføre negative verknader for naturmiljøet eller for andre samfunnsinteresser, og at korkje førekomstar av raudlisteartar, prioriterte naturtypar eller det generelle artsmangfaldet vil bli meir påverka ved ei utviding frå land. Anlegget har i dag generelt liten verknad på botntilhøva under anlegget.*
- Ei utviding ut frå land vil ikkje påverka strandsona innanfor. Eit utvida og større anlegg vil kunna medføre betre fiskevelferd og difor kunna redusere faren for spreiding av fiskesjukdomar til miljøet.*
- Ei utviding som omsøkt vil i liten grad koma i konflikt med båtferdsel i sjøområdet rundt, sidan all småbåttrafikk kan gå på innsida langs land som før, og hovudleia innover Masfjorden vert ikkje berørt.*
- I tillegg vil ein dispensasjon for omsøkt utviding kunna opna for at det kan etablerast ein grøn konsesjon på denne staden, og det kan medføre at eksisterande anlegg også kan drivast på ein miljøvenleg og framtidsretta måte. Ved å gje dispensasjon legg ein og grunnlaget for det grønne skiftet som er naudsynt for å oppretthalda vekst og sysselsetting i Nordhordland.*

Masfjorden kommune har mottatt 4 klagar på vedtak sak 012/2016, som vist i uttale.

Fylkesmannen rådde frå utvidinga av akvakulturområde i brev av 04.08.2015. Det går fram av pbl. § 19-2 fjerde ledd at kommunen ikkje bør dispensere der statlege og regionale styres-makter har uttalt seg negativt til søknaden. Fylkesmannen viser til uttalen som grunnlag for klagen sin: *Fylkesmannen viser til at det er kommuneplanen som er arenaen for å diskutere omsøkttiltak. Arealdelen til kommuneplanen skal syne hovudtrekka i arealdisponeringa, rammer ogvilkår for nye tiltak og ny arealbruk som kan settast i verk, i tillegg til viktige omsyn som må ivaretakast ved disponering av areala, jf. pbl. § 11-5 andre ledd. Slik Fylkesmannen vurderersituasjonen for oppdrettsanlegg i regionen er det viktigare enn nokon gong at arealbruk knytt til oppdrettsanlegg vert vurdert i samband med kommuneplanlegginga. Ein dispensasjon i denne saka vil undergrave kommuneplanen som styringsverktøy for utvikling av kommunen, og kan i tillegg skape presedens for dette og liknande område i framtida.*

### **Vurdering**

Masfjorden kommune har vedtatt ein arealdel til kommuneplanen den 31.05.2012. Kommunen vil no i ny kommunestyre periode vedta planstrategi og vil prioritera og sjå på arealdelen til kommuneplanen med dette som gjeld AK områder. Slik kommunen har sett utviklinga av oppdrettsnæringa med tanke på større anlegg, andre typar driftsformerer, det behov for å endra plassering og størrelar på AK områda. Å endra arealdelen til kommuneplanen kan ta noko tid, og for å koma søkjar i møte med denne søknaden om å endre/utvide AK 11 vil kommunen kunne nytte seg av dispensasjonsinstituttet i plan – og bygningslova § 19.

### *§ 11-1.Kommuneplan*

*Kommunen skal ha en samlet kommuneplan som omfatter samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg fra statlige og regionale myndigheter til grunn. Det kan utarbeides kommunedelplan for bestemte områder, temaer eller virksomhetsområder.*

### *§ 19-2.Dispensasjonsvedtaket*

**Kommunen kan gi varig** eller midlertidig dispensasjon fra bestemmelser fastsatt i eller i medhold av denne lov. Det kan settes vilkår for dispensasjonen. Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering.

Grunngjevinga for å gje dispensasjon til utviding av lokalitet AK 11 i medhald av § 19-2 er at fordelane etter ei samla vurdering av Formannskapet, er vurderte til å vera klart større enn ulempene. Det er vurdert som omsøkt ikkje vil medføre uheldige konsekvensar for natur, fiske, ferdsel eller frilutslivet i området.

Fylkesmannen har, når søknaden var på høyring, rådde frå utvidinga av akvakulturområde i brev av 04.08.2015. Fylkesmannen viser til pbl. § 19-2 fjerde ledd at kommunen ikkje bør dispensere der statlege og regionale styres-makter har uttalt seg negativt til søknaden. Etter vedtak sak 012/2016 har Fylkesmannen klaga på vedtaket med begrunning av at utviding av akvakulturanlegg av denne

storleiken må gjerast i ein kommuneplanprosess, eventuelt reguleringsplan.

Innbyggjarane på Duesund har klaga på vedtak sak 012/2016, der dei viser til at i dei seinare år er registrert oftare og meir omfattande at det ligg ei hinne av olje over heile vannskorpa i badevika (Grunnevika). Badevika vert nytta av året rundt av fastbuande, hyttebebuarar og andre som bur i nærområdet. Støy og bruk av lyskastarar har og vore og vore til sjenasne i tider. Slik søknaden syner vil anlegget verte flytta lengre ut i fjorden, ein vil då verte liggjande lenger avstand frå naboar på Duesund.

### **Konklusjon**

Masfjorden kommune tek ikkje motteke klagar på FS vedtak 12/2016 til fylgje , og opprettheldt vedtaket sak 12/2016.

### **Formannskapet - 062/2016**

#### **FS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Torill Torsvik Størkersen la fram følgjande framlegg til vedtak:

Klagen vert tatt til følgje. Det vert såleis ikkje gitt dispensasjon til omsøkt endring.

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart vedteke mot to røyster (Ap og Sp).

#### **FS - vedtak:**

**Masfjorden kommune tek ikkje motteke klagar på FS vedtak 12/2016 til fylgje , og opprettheldt difor vedtaket sak 12/2016:**

**Saka vert i medhald av plan – og bygningslova § 1-9, sent over til Fylkesmannen i Hordaland til endeleg klageinstans.**

#### **Grunngjeving:**

**Masfjorden kommune har mottatt klage på formannskapsvedtak nr 012/2016, kommunen ser ikkje att det er kome nye moment i sak og opprettheld Formannskapsvedtak 012/2016.**